

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 29.10.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Fullmaktsregime og fullmaktsgrenser for Sjukehusapoteka Vest**

Styresak 62/12 (B)

Styremøte 06.11.2014

Forslag til vedtak

- Styret vedtek foreslått regime for styring og delegering av fullmakt i Sjukehusapoteka Vest.
- Styret vedtek fullmaktsmatrise med tilhøyrande beløpsgrenser og innskjerpa signaturrettar.
- Administrasjonen bes om å implementere fullmaktsmatrise for den enkelte leiar knytt til deira jobbeskriving.

Oppsummering

Fullmaksregulering mellom styret og AD er prinsipielt regulert Styreinstruks, AD sin arbeidskontrakt, Instruks for administrerende direktør og fullmaktsmatrise nivå 1 i Sjukehusapoteka Vest.

Eksisterende fullmaktsmatrise i Sjukehusapoteka Vest (SAV) vart godkjent i 2011, og det er behov for oppdatering av denne. Regime for styring og delegering av fullmakt i SAV er ikkje definert i matrisa, og det er behov for presisering av signaturfullmakter og beløpsgrenser.

Forslag til nytt regime for styring og delegering av fullmakt bygger på tilsvarande struktur i Helse Bergen, kor Overordna prinsipp for fullmakter i SAV er omtalt i forslag til «Styrande dokument for fullmaktsmatrise i SAV». Strukturen i sjølve fullmaktsmatrisen er tilpassa SAV, og har fått følgjande hovudinndeling:

- 1.Overordna
- 2.Personal og lønn
- 3.Innkjøp av varer og tenester, samt investeringar
- 4.Leige/lån av lokale/utstyr/materiell
- 5.Sal av varer eller tenester
- 6.Ettergiving av tilgodehav
- 7.Budsjett

Oppgåver/ funksjonar innan dei sju fullmaktsområda er lagt inn i overordna fullmaktsmatrise som viser forslag til fullmakter på leiarnivå 1-3 for kvart område. Det er i tillegg utarbeidd mal som ein foreslær å legge ved jobbeskrivingar/ arbeidskontraktar for dei ulike leiarnivåa der fullmaktsinnhaldet kan utdjupast ved behov.

Fakta

Fullmaksregulering mellom styret og AD er prinsipielt regulert Styreinstruks, AD sin arbeidskontrakt, Instruks for administrerende direktør og fullmaktsmatrise nivå 1 i Sjukehusapoteka Vest.

AD i Sjukehusapoteka Vest har frem til i dag berre hatt fullmakt til å godkjenne betalingar opp til 1 mill., og nivå 2 har tilsvarande berre hatt anledning til å godkjenne betalingar inntil 0,3 mill. Disse beløpsgrensene ligg på eit lite praktisk nivå, da mye kommer opp til AD for godkjenning, og pensjonsfaktura overstiger tidsvis AD sin fullmakt.

I dagens struktur har fullmakt til å forplikte selskapet i høve til å signere avtaler (både kjøp og sal) vært delegert heilt ned i organisasjonen. Dette har vist seg å gi dårlig oversikt over selskapets samla forpliktelser.

Fullmakt til å be om offentleg påtale har og vært delegert ned i systemet. Dette har og tidligare ført til høve kor AD ikkje har vært kjent med at selskapet har gjort dette.

For å få ein praktisk og eintydig fullmaktsstruktur har ein no gjennomført eit arbeid med å tydeleggjere regime for fullmaktsstyring og delegering av fullmakt i Sjukehusapoteka Vest, samstundes som ein har gjennomarbeid fullmaktsgrenser og kva fullmaktar i høve til kontrakt og påtale som eventuelt skal delegerast ut.

Kommentar

Målet med arbeidet har vært er å gjera det eintydig kva for fullmakter som er knytt til dei ulike leiarnivåa i SAV. Arbeidet har tatt utgangspunkt i eksisterande rutinar og dokumentasjon frå Helse Bergen.

I fullmaktsmatrisa til Helse Bergen er det vist til inndeling i kategoriar i følgjande 10 hovudområde:

1. Bemannings- og arbeidsplanar
2. Tilsetjingar/leige av personalressursar
3. Lønn og anna godtgjering
4. Permisjonar
5. Attestasjon/godkjenning
6. Forpliktingar av fagleg karakter
7. Innkjøp av varer og tenester, samt investeringar
8. Leige/lån av lokale/utstyr/materiell
9. Sal av varer eller tenester
10. Ettergiving av tilgodehav

Det er teke utgangspunkt i denne fullmaktsmatrise når det er laga forslag til ny fullmaktsmatrise for SAV. For SAV er følgjande inndeling vald:

1. Overordna
2. Personal og lønn
3. Innkjøp av varer og tenester, samt investeringar
4. Leige/lån av lokale/utstyr/materiell
5. Sal av varer eller tenester
6. Ettergiving av tilgodehav
7. Budsjett

Oppgåver/ funksjonar med fullmakt i opphavleg fullmaktsmatrise er lagt inn under desse 7 punkta. Oppgåvene i opphavleg matrise er definert på nytt for å gjerast meir tydelege.

Det er utarbeida mal for fullmakter som det er forslag om å legge ved stillingsinstruksar/arbeidskontraktar for dei ulike leiarnivåa. Føremålet med dette er at det skal være enklare for den enkelte leiar å sjå kva for fullmakter vedkommande har.

Det er utarbeida forslag til beløpsgrenser og signaturfullmakter for kontraktar med vidare. Forslag til beløpsgrenser og signaturfullmakter er utarbeida ved gjennomgang med administrerande direktør, HR- og organisasjonssjef, økonomisjef og innkjøps- og logistikkleiar. Utarbeid regime for styring og delegering av fullmakt med tilhørende fullmaktsmatrise har våre behandla i SAV leiarmøte (Sak 92/14), og fekk sin tilslutning der.

For å implementere det regime som no krev at kvar leiar blir følgd opp med ein samtale, der ein går gjennom skjema for kvar enkelt. Skjemaet vert lagt ved jobbeskrivingen til den enkelte.

Konklusjon

Administrasjonen oppmodar styret om å vedta det her foreslått regime for styring og delegering av fullmakt med tilhørende fullmaktsmatrise.

Vedlegg

Vedlegg 1: Styrande dokument for fullmaktsregime i SAV

Vedlegg 2: Overordna fullmaktsmatrise SAV

Vedlegg 3: Mal fullmaktsmatrise nivå 2 leiar

Vedlegg 4: Mal fullmaktsmatrise nivå 3 leiar